

Saksbehandlar: Audhild Schaathun, Næringsavdelinga
Sak nr.: 15/12184-5

Omstillingsstatus og omstillingsløyvingar 2016

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesdirektøren for næring rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev **Askvoll** kommune ei løyving på inntil 1 800 000 kr til omstillingsarbeidet i 2016. Unyttta omstillingsmidlar frå tidlegare års løyvingar vert godkjent overført til bruk i 2016. I omstillingsperioden skal kommunalt næringsfond forvaltast av omstillingsstyret i samsvar med avtale inngått mellom Askvoll kommune og fylkeskommunen ved oppstart av omstillingsarbeidet.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune reknar 2013 som Lærdal sitt første omstillingsår. Fylkeskommunen gjev **Lærdal kommune** omstillingsstatus for åra 2016, 2017 og 2018.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev **Lærdal kommune** ei løyving på inntil 3 000 000 kr til omstillingsarbeidet i 2016. Unyttta omstillingsmidlar frå tidlegare års løyvingar vert godkjent overført til bruk i 2016.
4. Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev **Hyllestad kommune** ei løyving på inntil 850 000 kr til eit pilotprogram innafor områda samfunnsentreprenørskap, kommunikasjon og lokalt identitets- og samfunnsutviklingsarbeid. Programmet skal sikre at arbeidsmetodar og utviklingsverktøy nytta i omstillingsperioden vert vidareutvikla og tilpassa framtidig bruk i utviklinga av kommunen og næringslivet. Tilskotet omfattar også ein forstudie på området velferdsteknologi.
5. Midlane i punkt 1,3 og 4 vert dekkja slik: 5 300 000 kr vert dekkja med avsette budsjettmidlar for 2016, tenesteområde 7015 Nyskaping. 350 000 kr vert dekkja med omstillingsmidlar som fylkeskommunen har disponible frå tidlegare år.

Vilkår for omstillingsløyvinga

- Det skal leggjast vekt på høg kvalitet og god styring i alle prosjekta. Innovasjon Norge sin prosjektleiarprosess (PLP – prosjektlederprosessen) skal nyttast i alle prosjekt
- All støtte til bedrifter skal vere i samsvar med EØS-avtalen sine retningslinjer om offentleg støtte til næringslivet
- Øvrige vilkår går fram av tilsegnsbrevet

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Vedlegg:

Handlingsplan omstilling Askvoll 2016
Handlingsplan omstilling Lærdal 2016
Søknad medfinansiering kommunalt utviklingsarbeid Hyllestad
Retningslinjer for omstillingsstatus vedtekne av Fylkestinget 10.06.2008

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Kommunane Askvoll og Lærdal har omstillingsstatus gitt av Sogn og Fjordane fylkeskommune. Askvoll har omstillingsstatus ut 2016 og gjekk såleis ved årsskiftet inn i sitt sjette og siste omstillingsår. Lærdal, som fekk omstillingsstatus hausten 2012, har slik status ut 2015, og søker om at 2013 vert rekna som første omstillingsår, og at det no vert gitt omstillingsstatus for resten av perioden 2016 – 2018.

Det vert arbeidd godt og målretta med omstillingsarbeidet i begge områda.

Hyllestad kommune er i avslutninga av sitt omstillingsprogram. Det er gjennomført ei ekstern sluttevaluering. Rapporten er venta å vere klar innan utgangen av februar 2016. Hyllestad kommune søker om eit tilskot på 850 000 kr til eit pilotprogram innafor områda samfunnsentreprenørskap, kommunikasjon og lokalt identitets- og samfunnsutviklingsarbeid. Programmet skal sikre at arbeidsmetodar og utviklingsverktøy nytta i omstillingsperioden vert vidareutvikla og tilpassa framtidig bruk i utviklinga av kommunen og næringslivet. Det vert også søkt om midlar til ein forstudie som skal danne grunnlag for ein forprosjektsøknad til regionalt forskingsfond.

Fylkesdirektøren rår til at Lærdal får forlenga omstillingsstatus for åra 2016, 2017 og 2018, og at kommunane Askvoll og Lærdal får omstillingsløyvingar til gjennomføring av tiltak i samsvar med handlingsplanane for 2016. Vidare rår fylkesdirektøren til at Hyllestad kommune får eit tilskot til gjennomføring av eit pilotprogram innafor områda samfunnsentreprenørskap, kommunikasjon og omdømme. Tilskotet omfattar også forstudie på området velferdsteknologi.

2. Bakgrunn for saka

2.1. Ekstraordinære omstillingsutfordringar, omstillingsstatus og økonomiske rammer

Etter oppmoding frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) sender fylkeskommunen kvart år inn eit oversyn over dei omstillingsutfordringane vi ser i kommunar og næringsliv i fylket. Med dette som bakgrunn tildeler KMD skjønsmidlar til omstillingsføre mål i Sogn og Fjordane.

For 2016 har vi meldt inn følgjande omstillingsområde:

Askvoll kommune
Lærdal kommune i samarbeid med Årdal

Kommunane Askvoll og Lærdal har omstillingsstatus gitt av Sogn og Fjordane fylkeskommune. Askvoll har omstillingsstatus ut 2016 og gjekk såleis ved årsskiftet inn i sitt sjette og siste omstillingsår. Lærdal, som fekk omstillingsstatus hausten 2012, har slik status ut 2015, og søker om at 2013 vert rekna som første omstillingsår, og at det no vert gitt omstillingsstatus for resten av perioden 2016 – 2018.

Hyllestad kommune er i avslutninga av sitt omstillingsprogram. Det er gjennomført ei ekstern sluttevaluering. Rapporten er venta å vere klar innan utgangen av februar 2016. Hyllestad kommune søker om eit tilskot på 850 000 kr til eit pilotprogram innafor områda samfunnsentreprenørskap, kommunikasjon og omdømme, som skal sikre at arbeidsmetodar og utviklingsverktøy nytta i omstillingsperioden vert vidareutvikla og tilpassa framtidig bruk i utviklinga av kommunen og næringslivet. Det vert også søkt om midlar til ein forstudie som skal danne grunnlag for ein forprosjektsøknad til regionalt forskingsfond.

2.3. Løyvingar siste åra

Løyving 2015

Kommune	Løyving
Askvoll	2 040 000 *
Hyllestad	3 000 000
Lærdal	3 000 000
Sum	8 040 000

*Askvoll klarte ikkje å stille med naudsynt lokalfinansiering til å løyse ut den opphavelige løyvinga på kr 2 190 000 (HPN-sak 8/15/)

Samla ordinære omstillingsmidlar til kommunane Askvoll, Hyllestad og Lærdal 2010 – 2015

Askvoll	9 422 000
Hyllestad	16 100 000
Lærdal/Årdal	11 940 000
Sum:	37 462 000

3. Søknader frå omstillingsområda og fråsegner frå Innovasjon Norge

3.1. Askvoll

Søknad frå kommunen

Askvoll kommune søker om 1,8 mill kr til gjennomføring av handlingsplanen for 2016. Vidare søker dei om overføring av unytta midlar frå tidlegare løyvingar til bruk i 2016. 2016 er siste året i eit omstillingsløp på 6 år. Kommunen skriv mellom anna at omstillingsstatusen har verknad, både i konkrete tal og i form av investeringslyst, optimisme og framtidstru. Kommunen viser til programstatusvurderinga hausten 2015 og notatet «omstilling – status og utfordringar ved årsskiftet 2015/2016».

Status i omstillingsarbeidet

Askvoll kommune skriv mellom anna i det ovannevnte notatet:

«STATUS ARBEIDSPASSVEKST:

Frå våren 2011 til hausten 2015 har omstillingsorganisasjonen vore direkte inne med utviklings- og investeringsmidlar til 38 etablerte bedrifter i Askvoll kommune. Fleire har vore støtta i fleire runder. I tillegg har 23 verksemder i etableringsfasen fått økonomisk drahjelp. Nokre av dei var døgnfluer, - andre har klart seg svært bra. F. eks. har Norsk Bergsikring AS i Stongfjorden i dag over 50 tilsette. Atter andre, som Seaweed AS, Værlandet Havhotell AS og Northwestwood AS har vi store forhåpningar til.

Indirekte har omstillingsorganisasjonen gjennom sjømatkonferansar, inspirasjonskveldar, gründernettnettverk og kurs gitt tilbod til mange fleire verksemder, i Askvoll og i regionen.

Kva kjem ut av dette i form av konkrete arbeidsplassar?

Målsetninga er å bidra til 30 nye arbeidsplassar. Det talet har vi passert med ca 20, og so veit vi at dette er langsiktig arbeid, og at resultatata gjerne kjem etter at omstillingsperioden er over.

I prosjektet *Utviklingsorientert forvaltning* er ein av konklusjonane at nyetablerarar skal fylgjast tettare opp framover.

STATUS TILFLYTTING:

Å stimulere til tilflytting ved hjelp av positiv omdømmebygging og ved å synleggjere kommunen som ein god stad å bu og drive næring, er det andre innsatsområdet.

Gjennom Næringsavisa, på www.askvulliutvikling.no og facebook har omstillingsorganisasjonen synleggjort det mangfaldige næringslivet i kommunen. Utstillinga Drivkraft, der fotograf Herfinn Takle har fanga gründerar og eldsjeler gjennom kameralinsa, vart godt teken i mot og bygger stoltheit over det vi har. For det er mykje å vere stolt av, og enda meir kan det bli. Planteikningar for «Esso-marka» som parkområde og «strandpromenade» frå kaia til Øyra er ferdigstilt.

Det er svært gledeleg å sjå at folketalet har stabilisert seg dei siste åra. Ved siste telling var det 3030 Askvollingar. Mange unge familiar har flytta heim. Barnehagane er sprengde, ei positiv utfordring som politikarane i kommunen prioriterar.

UTFORDRINGAR TILFLYTTING:

Det må i 2016 avklarast kven som skal vidareføre det profilerande og positivt omdømmebyggande arbeidet for kommunen når omstillingsperioden er over.

Askvoll kommune har sagt ja til å ta i mot fleire flyktningar parallelt med den positive flyttestraumen. Det er knappheit på bustadar, og det vert viktig at fleire av dei planlagde byggeprosjekta vert realisert.

UTFORDRING ARBEIDSPASSVEKST OG TILFLYTTING

Kapasiteten på Bygg/eigedom / planavdelinga i kommunen er sprengd og har vore det over lengre tid. I prosjektet Utviklingsorientert forvaltning har ein arbeidd med denne utfordringa og kome med forslag som skal fylgjast opp i 2016.»

Handlingsplan 2016

INNSATSOMRÅDE OG TILTAK 2016	
A. Arbeidsplassvekst	B. Tilflytting
<p>Med vekt på</p> <ul style="list-style-type: none"> Nyskaping og nyetablering <p>Mål 2016:</p> <p>5 nye arbeidsplassar innafor SMB-bedrifter</p> <p>3 nye arbeidsplassar innafor sjømatnæringa</p> <p>3 nye arbeidsplassar innafor besøksnæringa</p> <p>4 nye arbeidsplassar innafor gründersatsinga</p> <ul style="list-style-type: none"> Satsing på næringsklynger <p>Mål 2016: 1 næringsklynge</p>	<p>Med vekt på</p> <ul style="list-style-type: none"> Målretta rekruttering i aldersgruppa 20-40 år <p>Mål 2016:</p> <p>4 gründertilflyttarar</p> <p>10 tilbakeflyttarar</p> <p>8 tilflyttarar</p>
<p><u>Prosjekteigarar og/eller ansvarlege for gjennomføring:</u></p> <p>HAFS Utvikling v/omstillingsorganisasjonen</p> <p>Askvoll kommune</p> <p>Askvoll Næringsutvikling (ANU)</p> <p>Ulike verksemder</p>	<p><u>Prosjekteigarar og/eller ansvarlege for gjennomføring:</u></p> <p>HAFS Utvikling v/omstillingsorganisasjonen</p> <p>Askvoll kommune</p> <p>Askvoll næringsutvikling (ANU)</p>
<p>Prosjekt 2016</p> <ul style="list-style-type: none"> Arena- og nettverksbygging i sjømatnæringane Profesjonalisere besøksnæringane Utarbeide plan for turistinformasjon Bedriftsutvikling Gründersatsing/Gründernetterverk/Kompetanseheving/kontorfellesskap Kurs/seminar/inspirasjonsdagar Utviklingsorientert forvaltning 	<p>Prosjekt 2016</p> <ul style="list-style-type: none"> Profilering og omdømmebygging Rekruttering Kalkulere sentrumstiltak www.askvulliutvikling Pendlarrute Askvoll-Florø, kartlegge potensiell effekt på befolknings- og næringsutvikling i Askvoll Den store festen

Kostnads- og finansieringsplan 2016**Kostnader**

Arbeidsplassvekst	1 265 000 kr
Tilflytting	720 000 kr
<u>Administrasjon og styrearbeid</u>	<u>1 315 000 kr</u>
<u>Sum kostnader</u>	<u>3 300 000 kr</u>

Endelegje beløp vil komme fram når rekneskapan for 2015 er klart, og vil enten redusere eller auke den søkbare potten til bedriftsutviklingstiltak.

Finansiering

Askvoll kommune	550 000 kr
Næringslivet, estimert	50 000 kr
Sogn og Fjordane fylkeskommune	1 800 000 kr
<u>Overførte midlar frå tidlegare løyvingar kommunen og fylkeskommunen</u>	<u>900 000 kr</u>
<u>Sum finansiering</u>	<u>3 300 000 kr</u>

Fråsegn frå Innovasjon Norge

Innovasjon Norge (IN) skal gjere ei vurdering av søknadene frå omstillingskommunane. Grunnlaget for vurderingane er basert på IN si rolle som observatør i styret slik denne rolla er definert av fylkeskommunen og i handlingsplanen for omstillingsprogrammet.

Innovasjon Norge skriv om arbeidet i Askvoll:

«Vurdering

Askvoll har dei same utfordringane som andre utkantskommunar med omstillingsstatus. Det var ein kraftig nedgang i folketalet over ein lengre periode før kommunen fekk omstillingsstatus.

Omstillingsprogrammet byggjer på ein utviklingsplan for åra 2013 til 2016 som har to innsatsområde:

- *Robust arbeidsplassvekst*
- *Tilflytting*

Programmet har som mål å medverke til å skape 30 nye arbeidsplassar, tilflytting av 60 personar, stabilisere folketalet på over 3000 og auke innbyggartalet med personar i "produktiv" alder. Før omstillingsarbeidet starta (2010) hadde Askvoll ein jamn nedgang i folketalet. I løpet av omstillingsperioden har folketalet stabilisert seg på ca 3000. Dei siste netttotal er positive og viser 3030 innbyggjarar den 1. oktober 2015. Gjennomsnittleg alder i kommunen er fortsatt høgare enn for landet elles, men det er god tilflytting av personar i aldersgruppa 20-40 år.

Næringslivet i Askvoll har ikkje hatt like god utvikling som innbyggartalet. Kommune-NM 2015, næringsliv, (som viser tal for 2014) viser at Askvoll ligg på nedre del av skalaen i fylket, mens på nyetableringsindeksen er det gode tal. Arbeidet i omstillingsprogrammet har likevel bidrege til mange nye arbeidsplassar. Det er auka sysselsetting i alle næringskategoriar innan privat sektor med unntak av primærnæringane. Nedgangen i primærnæringane har likevel ført til at samla sysselsetting er redusert.

Handlingsplanen for 2016 har gode prosjekt i begge satsingsområda som er godt tilpassa at det er siste år av omstillingsperioden. Budsjettet for siste omstillingsår er realistisk. Omstillingsorganisasjonen har vore ein god og effektiv organisasjon som har levert. I 2016 vert omstillingsorganisasjonen ein del av HAFS Utvikling (HU). Det er viktig at HU får overført utviklingskompetansen som er opparbeidd i omstillingsperioden slik at ikkje avslutta prosjekt vert gjort ferdig på ein god måte.

Det er eit år igjen av omstillingsperioden og vi har tru på at det er muleg å forbetre resultat i løpet av siste året. Effekten av omstillingsarbeidet kjem erfaringsmessig i slutten av omstillingsperioden.

Konklusjon

Med bakgrunn av desse vurderingane rår Innovasjon Norge til at det vert løyvd midlar i 2016 som omsøkt til å vidareføre omstillingsarbeidet.»

3.2. Lærdal**Søknad frå kommunen**

Lærdal kommune søker om forlenga omstillingsstatus for perioden 2016 til og med 2018, og om kr 3.0 mill. i omstillingsmidlar for 2016. Vidare søker kommunen om overføring av unytta midlar frå tidlegare løyvingar til bruk i 2016.

Kommune skriv mellom anna:

«Lærdal kommune er om lag halvvegs i omstillingsperioden. Med bakgrunn i erfaringar og resultat so langt er det gjennomført ein revisjon av omstillingsplanen. Formålet med dette har vore å tilpassa styringsverktøyet, slik at ein i enno større grad skal lukkast i å nå målsetjingane med omstillingsarbeidet. Omstillingsstyret meiner at dette best kan gjerast gjennom å spissa satsingane. Det betyr at ein i større grad vil konsentrera innsatsen om

område der det er størst behov for endring og utvikling, og der ein vurderer at Lærdal har størst potensiale for å lukkast. Den reviderte utviklingsplanen erstattar den opphavlege planen, og skal vera styringsverktøy for resten av omstillingsperioden. Det nye plandokumentet er utarbeida av kommunen og næringslivet sitt felles næringsutviklingsselskap, Lærdal Næringsutvikling AS og styret for omstillingsprogrammet i Lærdal. Planen vart vedteken av kommunestyret 17.12.2015. Den opphavlege utviklingsplanen hadde eit tidsperspektiv 2013 – 2017. Med bakgrunn i at Lærdal kommune kom seint i gang med omstillingsarbeidet, og grunna brannen som sette arbeidet noko tilbake, søker Lærdal kommune om å utvida den totale omstillingsperioden til ut 2018. Difor er tidsperioden i den reviderte planen 2016 – 2018 og difor søker vi no om omstillingsstatus for 3 nye år, 2016 – 2018.

Status i omstillingsarbeidet

Lærdal kom seint i gang med omstillingsarbeidet. Mykje av 2013 gjekk med til å leggja grunnlaget for arbeidet, med utarbeiding av samfunns- og næringsanalyse, utviklingsplan, handlingsplanar og etablering av organisasjonen. I tillegg tok rekrutteringsprosessen for dagleg leiar lengre tid enn planlagt. Fram til dagleg leiar byrja 1. oktober 2013 vart mykje av arbeidet gjort av omstillingsstyret, med tillegg av ekstern konsulenthjelp.

Då storbrannen råka Lærdal 18. januar 2014 var ein godt i gang med omstillingsarbeidet. Brannen påverka heile lokalsamfunnet og sette også omstillingsarbeidet noko tilbake. Tross brannen klarte ein likevel å halda bra trykk på arbeidet og handlingsplanen vart gjennomført på ein tilfredsstillande måte. Arbeidet ved inngangen til 2016 er prega av ein dyktig administrasjon som arbeider proaktivt og målretta. Styret er profesjonelt, har ei god samansetting og er særst aktive. Det er også eit godt samarbeid mellom administrasjonen og styret.

Kommunen skriv her mellom anna i si statusrapportering:

«Status knytt til organisering og gjennomføring av omstillingsarbeidet

Lærdal kommune har saman med næringslivet i Lærdal etablert eit eige selskap for å jobba med næringsutvikling. Lærdal Næringsutvikling AS er eigd 65,9% av Lærdal kommune og 34,1% av Lærdal Næringsnæringslag på vegne av næringslivet i Lærdal.

Lærdal kommune har vedteke å bruka Lærdal Næringsutvikling AS (LNU) til det operative omstillingsarbeidet. Ved oppstarten vart det etablert eit eige omstillingsstyre. Det består av styret for LNU, utvida med ordførarane i Lærdal og Årdal og ein ekstra representant for Lærdal kommune. Ordføraren i Lærdal er leiar av omstillingsstyret.»

Status knytt til måloppnåing i omstillingsprogrammet

Lærdal har definert ein klar profil på omstillingsarbeidet. Det ligg også føre klare og periodiserte mål for arbeidsplassutvikling og folketalsutvikling. Det er etablert 3 innsatsområde, men som ikkje formelt er sett opp med noko innbyrdes prioritering. Det er nok likevel innsatsområde A - Vekst i Lærdal som er viktigast, og som har hatt størst økonomisk ramme og den mest omfattande prosjektporteføljen so langt. På den måten har dette innsatsområdet i praksis hatt høgast prioritet i det daglege arbeidet. Det har også vore eit fjerde programområde, Knutepunkt Lærdal, men som ikkje har vore aktivert.»

Lærdal kommune hadde eit mål om auke i tal arbeidsplassar med 50 innan 2017.

«Talet på arbeidsplassar auka i Lærdal med 67 i 2014. Målet for dette året var 5. Det gode resultatet i 2014 gjer at Lærdal ligg føre det endelege målet for omstillingsperioden. Med bakgrunn i det er måla for omstillingsarbeidet justert i samband med revisjon om omstillingsplanen.»

Lærdal kommune har eit mål om ein auke i folketalet med minst 100 innbyggjarar fram til 2017, 30 av desse i aldersgruppa 20-40 år.

«Lærdal kommune hadde pr. 1. januar 2015 2146 innbyggjarar. Dette er ein nedgang på 30 personar siste 2 år, men berre ein nedgang på 12 personar i den siste 10-årsperioden (2005 til 2015). Lærdal hadde vekst i folketalet frå 2006 til 2011 som fylgje av auka sysselsetting i Lærdal

og nabokommunane. Nedgangen dei siste åra heng saman med at arbeidsplassar er forsvunne i lokalt næringsliv, kombinert med negativt fødselsoverskot.

Framskrivingar av folketalet for Lærdal indikerer ved middelsvekst at ein vil få ein folketalsvekst fram mot 2040. Dette heng saman med at ein lever lenger, men føreset at ein tek imot innvandring på linje med resten av landet. Dette har ikkje vore tilfelle i Lærdal, men den nye flyktningsituasjonen vil endra på dette. Det vil bli ein auke i tal eldre, medan gruppa i alderen 40-59 vil gå nedover dersom ein ikkje får auka tilflytting. Det har vore ein auke i folketalet i 2015, men ein ligg likevel godt bak det endelege målet for omstillingsperioden. Også måla for folketalet er justert i samband med revisjon om omstillingsplanen.»

Handlingsplan 2016

Programområde og satsingar

A: Vekst i Lærdal	B: Attraktive Lærdal
<p>Hovudmål:</p> <p>Lærdal skal vera best på innovasjon og næringsutvikling.</p>	<p>Hovudmål:</p> <p>Lærdal skal vera den føretrekte bustadkommunen i regionen.</p> <p>Lærdal skal levera dei beste opplevingane i regionen.</p>
<p>Mål:</p> <p>Det skal vera minst 1.200 arbeidsplassar i Lærdal innan utgangen av 2018 (1.010 arbeidsplassar i 2012).</p> <p>Me skal bidra til å skapa minst 5 bedrifter knytt til det grønne skiftet.</p>	<p>Mål:</p> <p>Det skal vera 2.300 innbyggjarar innan utgangen av 2018 (2.176 i 2012). Det skal være 525 innbyggjarar i aldersgruppa 20-40 (475 i 2012).</p> <p>Omsetnaden i detaljhandelen skal veksa meir enn landsgjennomsnittet.</p> <p>Tilfredsheitsmåling i 2016 og 2018 blant innbyggjarar og besøkande i Lærdal, med mål om 10 prosentpoeng forbetring.</p>
<p>Ansvarleg for gjennomføring:</p> <p>Omstillingsprogrammet og LNU</p> <p>Næringslivet</p>	<p>Ansvarleg for gjennomføring:</p> <p>Omstillingsprogrammet og LNU</p> <p>Lærdal kommune</p> <p>Næringslivet</p> <p>Arrangørar, lag og organisasjonar og privatpersonar.</p>
<p>Prosjektsatsingar 2016</p> <ul style="list-style-type: none"> • Næringar med sterke tradisjonar i Lærdal • Kompetanseutvikling i næringslivet • Moglegheitsstudie grøn næringsutvikling • Nye satsingar – statlege/regionale arbeidsplassar 	<p>Prosjektsatsingar 2016</p> <ul style="list-style-type: none"> • Framtidsretta bustadsatsing i Lærdal • Tiltaksplan for unge tilflyttarar • Tettstadutvikling Lærdalsøyri – fase 2 • Utviklingsstrategi «Tataki Lærdal» • Attraktive aktivitetar i Lærdal

<ul style="list-style-type: none"> • Håbakken Næringspark • Moglegheitsstudie nye næringsareal • Vidareførte prosjekt frå 2015 	<ul style="list-style-type: none"> • Vidareførte prosjekt frå 2015
---	---

Kostnader og finansiering

Næringar med sterke tradisjonar i Lærdal	Kr 600 000
Kompetanseutvikling i næringslivet	Kr 200 000
Moglegheitsstudie grøn næringsutvikling	Kr 400 000
Nye satsingar – statlege/regionale arbeidsplassar	Kr 250 000
Håbakken Næringspark	Kr 1 000 000
Moglegheitsstudie nye næringsareal	Kr 300 000
Vidareførte prosjekt frå 2015	Kr 500 000
Ikkje spesifiserte prosjekt (søkbare midlar)	Kr 500 000
Sum kostnader «Vekst i Lærdal»	Kr 3 750 000
Framtidsretta bustadsatsing i Lærdal	Kr 500 000
Tiltaksplan for unge tilflyttarar	Kr 200 000
Tettstadutvikling Lærdalsøyri – fase 2	Kr 800 000
Utviklingsstrategi «Tataki Lærdal»	Kr 200 000
Attraktive aktivitetar i Lærdal	Kr 200 000
Vidareførte prosjekt frå 2015	Kr 500 000
Ikkje spesifiserte prosjekt (søkbare midlar)	Kr 500 000
Sum kostnader «Attraktive Lærdal»	Kr 2 900 000
Administrasjon	Kr 750 000
Sum kostnader	Kr 7 400 000
Udisponerte omstillingsmidlar Sogn og Fjordane fylkeskommune	Kr 1 000 000
Udisponerte omstillingsmidlar Lærdal kommune	Kr 400 000
Udisponerte skjønsmidlar frå KMD	Kr 2 000 000
Eigendel omstillingsmidlar Lærdal kommune 2016	Kr 1 000 000
Søknad omstillingsmidlar Sogn og Fjordane fylkeskommune 2016	Kr 3 000 000
Sum finansiering 2016	Kr 7 400 000

Fråsegn frå Innovasjon Norge

Innovasjon Norge skriv om arbeidet i Lærdal:

«Vurdering

Lærdal fekk omstillingsstatus av di kommunen over ein periode mista fleire attraktive arbeidsplassar. Opplysningen 1881 vart avvikla, og Lærdal sjukehus har utfordringar i forhold til strukturendringar i sjukehussektoren. Nabokommunen Årdal har hatt problem i samband med at Dooria Årdal AS vart avvikla og stadige rasjonaliseringar i Hydro. Det er også demografiske utfordringar i begge kommunane.

Omstillingsarbeidet er organisert som eit kommunalt prosjekt der Lærdal Næringsutvikling AS er innleigd for å gjere det operative arbeidet. I omstillingsstyret sit ordføraren i Lærdal (styreleiar), ein representant frå Årdal (ordførar), representantar for næringslivet og ein ekstra representant frå kommunen.

Omstillingsplanen for Lærdal vart revidert i haust og er no gjeldande for 2016 – 2018. Saman med denne er det utarbeidd handlingsplan for 2016. Planane er laga i samarbeid med det lokale næringslivet og har som visjon: «Lærdal – Det beste heile året». Planen er spissa og inneheld no berre 2 programområde som er:

- A. Vekst i Lærdal
- B. Attraktive Lærdal

Det er også definert nye mål i omstillingsplanen for perioden fram til og med 2018. Programområdet A skal bidra til at det skal vere 1 200 arbeidsplassar i kommunen og til å skapa minst 5 bedrifter knytt til det grøne skiftet. Programområdet B skal bidra til at det skal vere 2300 innbyggjar innan utgangen av 2018 og 525 av desse skal vere i aldersgruppa 20 – 40 år.

No er Lærdal kome halvegs i omstillingsløpet, og det vert arbeidd godt og planmessig med mange gode prosessar og prosjekt. Det er ein dyktig administrasjon som arbeider proaktivt og målretta. Styret er profesjonelt, har ein god samansetning og er særskild aktive. Det er også eit godt samarbeid mellom administrasjon og styret.

Lærdal har hatt ein god sysselsetjingsutvikling i perioden så målet om arbeidsplassvekst er innan rekkevidde. Folketalsutviklinga er framleis negativ, men vi har tru på at ekstra satsing på programområde A vil gi resultat på sikt.

Handlingsplanen for 2016 har mange gode prosjekt som gjenspeglar den reviderte omstillingsplanen sine prioriteringar og området sine utfordringar. Planen er ambisiøs med ein samla kostnad på 7,4 mill. kr. Det vert mellom anna overført 1,4 mill. kr frå 2015 som ikkje vart disponert.

Planverk og organisasjon er solid, og vår vurdering er at føresetnadene for å lukkast vidare med omstillingsarbeidet er til stades.

Konklusjon

Med bakgrunn i desse vurderingane vil Innovasjon Norge rå til at det vert løyvd naudsynte midlar til omstillingsarbeidet i Lærdal i 2016.»

3.1. Hyllestad

Søknad frå kommunen

Hyllestad kommune har gjennomført eit 6-årig løp som omstillingskommune, avslutta ved utgangen av 2015. Kommunen har behov for å arbeide vidare med samfunnsutvikling og vil organisere eit tidsavgrensa program som skal gjere det best muleg å ta overgangen frå omstillingsperioden til vidare utviklingsarbeid i kommunal regi. Programmet skal sikre at arbeidsmetodar og utviklingsverktøy nytta i omstillingsperioden vert vidareutvikla og tilpassa framtidig bruk i utviklinga av kommunen og næringslivet. Det er utarbeidd ein handlingsplan som inneheld følgjande prosjekt:

- Betre kommunikasjonsarbeid
- Lokalt identitetsarbeid
- Lokalt samfunnsutviklingsarbeid
- Samfunnsentreprenørskap
- Velferdsteknologi.

Status og vidareføring

Kommunen skriv mellom anna:

«Innleiing

Hyllestad kommune avslutta i utgangen av 2015 perioden med omstillingsstatus. Gjennom desse åra har det vore jobba aktivt med utviklingsoppgåver, både mot næringsliv, frivillig sektor og kommunen. Gjennom det siste året har Hyllestad kommune jobba saman med omstillingsstyret for å legge ein plan for vidare utviklingsarbeid. Næringsutviklingsarbeidet er vedteke lagt til den nyskipa organisasjonen HAFS Utvikling, der Hyllestad kommune bidreg med driftstilskot på kr. 430 000,-.

Vidare utviklingsarbeid

I tillegg til dette har Hyllestad kommune behov for å jobbe vidare med kommunal- og samfunnsutvikling. I overgangen frå omstillingsperioden til ordinær drift, er det bestemt å organisere dette arbeidet som prosjekt. Ein vil halde på PLP som metodikk for arbeidet, og i styringsgruppa for dette arbeidet ynskjer ein å ha med politisk nivå, næringslivet og kommunalt tilsette som har utviklingsoppgåver til si eining.

Handlingsplan for kommunalt utviklingsarbeid

I arbeidet med å planlegge overgangen frå omstillingsperioden til vidare arbeid i kommunal regi, er det utarbeidd ein eigen handlingsplan som er vedlagt denne søknaden. Denne overgangen vert organisert i fleire delprosjekt, og handlingsplanen samlar og beskriv desse prosjekta. Det er denne handlingsplanen som er utgangspunktet for søknaden, og prosjekta som er valde ut i denne søknaden er ankra i planen. Handlingsplanen er forankra i rådmannen si leiargruppe og i formannskapet.

Styringsgruppa

Det er etablert ei styringsgruppe for prosjektporteføljen. Denne skal fungere som styringsgruppe for heile handlingsplanarbeidet, og er basert på ei PLP-organisering. Rådmann leiargruppa, og er prosjektansvarleg for det overordna handlingsplanarbeidet.

I tillegg deltek dei frå kommuneadministrasjonen som har utviklingsoppgåver i si eining, for tida leiargruppa og utvikling og leiargruppa for Oppvekst og kultur. Politisk leiing er representerte i gruppa ved ordførar, det same er næringslivet ved leiargruppa for Hyllestad Næringsråd.

Viktige samarbeid

Hyllestad kommune vil med denne organiseringa ta grep om det utviklingsarbeidet som ligg til kommunen å jobbe vidare med. Handlingsplanen har som utgangspunkt og føresetnad at det vert samarbeidd tett med nokre nøkkelaktørar. Styringsgruppa ved prosjektkoordinator har eit særskilt ansvar for å sikre god samhandling og dialog, samarbeid i enkeltprosjekt, og tett dialog om felles mål og tiltak. Desse er:

- HAFS Utvikling
- Hyllestad Næringsråd
- Grendalagsforum

Om prosjekta

Hyllestad kommune er avhengig av ekstern medfinansiering for å kunne utføre dette arbeidet på eit slikt nivå at ei god vidareføring og overlevering vert sikra. Det er avgrensa midlar att frå tidlegare omstillingsløyvingar, og desse søkjer ein nytta til konkret oppfylgging av aktuelle einskildprosjekt frå omstillingsperioden. Desse midlane er difor helde utanfor i denne søknaden, men vil bli styrt av den same utviklingsgruppa.

I det vidare arbeidet har ein valt å dele prosjekta i to grupper: Ei der målet er å implementere leveransen i den ordinære kommunale drifta, og ei der målet er at leveransen skal resultere i vidare prosjektarbeid. På denne måten vil ein søke å skilje karakteren i prosjekta frå kvarandre, og syne kva prosjekt som skal avsluttast som prosjekt etter 2016, og kva som skal danne grunnlag for vidare prosjektarbeid.»

Handlingsplan utviklingsarbeid 2016

Prosjekt som skal fasast over i drift:

- **Betre kommunikasjonsarbeid:** Summere opp og kartlegge no-situasjonen, med utgangspunkt i aktivitetar som har vore gjennomført i regi av omstillingsprogrammet og aktivitetar som alt vert gjort i kommuneorganisasjonen. Velje ut og jobbe systematisk med å implementere dei ynskta aktivitetane i linjeorganisasjonen. Krev eigen prosjektleiarsressurs.

- Resultatmål: Nye rutinar og auka kompetanse for kommunikasjonsarbeid.
 - Effektmål: Hyllestad vert oppfatta som topp 5 på kommunikasjonsarbeid i fylket.
 - Virketid: 10-12 mnd.
- **Lokalt identitetsarbeid:** Evaluere tidlegare arbeid, og velje ut ei satsing som skal innarbeidast i den kommunale organisasjonen. Arbeidet vert dels å koordinere produksjon av dei bestemte tiltaka, og dels å jobbe med kompetanseheving av dei som skal vidareføre arbeidet. Krev eigen prosjektleiarressurs.
 - Resultatmål: Utvalde tiltak med ansvarleg person i administrasjonen vert planlagt vidareført etter at prosjektet er gjennomført.
 - Effektmål: Hyllestad er godt kjent i heile fylket, og i gruppa som vurderer å flytte til ein distriktskommune i nasjonal samanheng.
 - Virketid: 8-10 mnd
 - **Lokalt samfunnsutviklingsarbeid:** Summere opp kommunen sine oppgåver og mogelegheiter for samfunnsutviklingsarbeid, og vurdere og legge til rette for etablering av frivilligsentral eller anna teneleg organiseringsform. Målet er å samle ressursane for samfunnsutvikling, som tidlegare dels har vore lagt til omstillingsprogrammet, og del vore spreidd på mange personar i kommunen. Hyllestad har og skal ta i mot flyktingar, og frå 2016 vert det oppretta to mottak for einslege mindreårige asylsøkjjarar. Det er eit mål å bli ein føregangskommune på samarbeid og samspel mellom mottak, kommune og frivilligheit. Difor kan frivilligsentral, som ein integrert del av samfunnsutviklingsarbeidet i kommunen, vere ein tenleg og spennande organiseringsform. Krev eigen prosjektleiarressurs.
 - Resultatmål: Beslutningsgrunnlag for val av vidareføring er utarbeidd og forankra hos dei som skal ta beslutninga.
 - Effektmål: Hyllestad har ei nyttig og effektiv organisering av sitt samfunnsutviklingsarbeid som kan nyttast som mal for andre kommunar sitt liknande arbeid.
 - Virketid: 6-10 mnd.

Prosjekt som krev vidare prosjektarbeid:

- **Samfunnsentreprenørskap:** Følgje opp kurset som vart starta i regi av omstillingsprogrammet. Jobbe vidare med å sikre ei organisering på vidare arbeid i kommuneorganisasjonen saman med plan og utvikling. Utarbeide grunnlag for å søke om forskingsmidlar til det vidare arbeidet, og søke om forprosjekt hos regionalt forskingsfond der ein har som mål å utarbeide ein modell for dette arbeidet som andre kommunar kan nytte seg av seinare. Krev eigen prosjektleiarressurs.
 - Resultatmål 1: Kommunen har utarbeidd plan for å kunne jobbe vidare med samfunnsentreprenørskap som metode, sett i samanheng med anna samfunnsutviklingsarbeid.
 - Resultatmål 2: Prosjektet har fått status og løyving som forprosjekt hos regionalt forskingsfond.
 - Effektmål: Hyllestad er kjent som føregangskommune på sitt arbeid med samfunnsentreprenørskap, og vert brukt som mal for andre kommunar sitt tilsvarende arbeid.
 - Virketid: 10 – 14 mnd
- **Velferdsteknologi:** Den delen som handlar om samfunnsnytta av eit velferdsteknologihus i Hyllestad vert lagt inn som eit eige prosjekt i denne søknaden. Her skal ein spesielt ha fokus på korleis samarbeidet mellom kommunen og ein aktør frå næringslivet kan kome innbyggjarar, lokale lag og organisasjonar og andre lokale og regionale interessentgrupper til gode. Prosjektet avgrensar seg til å utarbeide grunnlag for ein forprosjektsøknad til regionalt forskingsfond på vidare arbeid. Krev eigen prosjektleiarressurs.
 - Resultatmål: Søknad om forprosjektmidlar til regionalt forskingsfond sendt.
 - Effektmål: Hyllestad sitt arbeid med medverknad frå innbyggjarane vert lagt merke til.
 - Virketid: 1-3 mnd.

Kostnader og finansiering

Kostnads- og finansieringsplan 2016

Kostnader 2016:

Betre kommunikasjonsarbeid		kr 150 000,00
Prosjektleiing	(kr 80 000,00)	
Eksterne kostnader	(kr 30 000,00)	
Eigeninnsats - tilsette i HK	(kr 40 000,00)	
Lokalt identitetsarbeid		kr 250 000,00
Prosjektleiing	(kr 80 000,00)	
Eksterne kostnader	(kr 100 000,00)	
Eigeninnsats - tilsette i HK	(kr 70 000,00)	
Lokalt samfunnsutviklingsarbeid		kr 300 000,00
Prosjektleiing	(kr 100 000,00)	
Eksterne kostnader	(kr 50 000,00)	
Eigeninnsats - tilsette i HK	(kr 150 000,00)	
Samfunnsentreprenørskap		kr 400 000,00
Prosjektleiing	(kr 150 000,00)	
Eksterne kostnader	(kr 200 000,00)	
Eigeninnsats - tilsette i HK	(kr 50 000,00)	
Velferdsteknologi		kr 100 000,00
Prosjektleiing	(kr 50 000,00)	
Eksterne kostnader	(kr 40 000,00)	
Eigeninnsats - tilsette i HK	(kr 10 000,00)	
Prosjektkoordinering		kr 500 000,00
Porteføljestyling + adm. ressurs	(kr 400 000,00)	
Kontorkostnader	(kr 70 000,00)	
Andre faste kostnader	(kr 30 000,00)	
Totalkostnad		kr 1 700 000,00
Prosjektleiing	(kr 860 000,00)	
Eksterne kostnader	(kr 490 000,00)	
Eigeninnsats - tilsette i HK	(kr 350 000,00)	

Finansiering 2016

Løyving - driftsbudsjett HK	kr 500 000,00
Eigeninnsats - tilsette i HK	kr 350 000,00
Tilskot - SFFK	kr 850 000,00
Totaltfinansiering	kr 1 700 000,00

Fråsegn frå Innovasjon Norge

Innovasjon Norge (IN) skal gjere ei vurdering av søknaden frå Hyllestad kommune om midlar for 2016. Grunnlaget for vurderinga er basert på IN si rolle som observatør i omstillingsstyret.

Innovasjon Norge skriv om omstillingsarbeidet i Hyllestad og søknaden om tilskot til utviklingsprogrammet i 2016:

«Vurdering

Omstillingsarbeidet i Hyllestad kommune vart avslutta i desember 2016 og det er sett i gang ein sluttevaluering av arbeidet. Den er enno ikkje ferdig. Men Innovasjon Norge har følgd omstillingsprogrammet tett i 6 år og kjenner difor resultatata godt.

Då kommunen fekk omstillingsstatus var hovudutfordringane:

- *Den hadde ei stor bedrift Havyard Leirvik AS som stod for mesteparten av den private sysselsettinga. Det var lite anna næringsaktivitet. Berre 15 aksjeselskap med ein tilsett eller meir var til stades i kommunen på det tidspunkt.*
- *Kommunen hadde folketalsnedgang over tid.*

Med bakgrunn i desse utfordringane har programmet arbeidd etter to innsatsområde; «Meir robust næringsstruktur» og «Attraktiv kommune».

Under området «Meir robust næringsstruktur» er det fleire prosjekt som involverer mange enkeltbedrifter spesielt innanfor kompetanseutvikling og bedriftsutvikling. I starten av omstillingsperioden var det ei utfordring å få engasjement i omstillingsarbeidet både internt og eksternt. No har imidlertid trenden snudd til at det er konkurranse om å få vere med på prosjekta. Dette arbeidet har gitt resultat. Det er no mange fleire bedrifter med sysselsetting enn før omstillingsprogrammet starta, og nyetableringstakten har auka. Hyllestad har med andre ord fått ein meir robust næringsstruktur.

Under satsingsområdet «Attraktiv kommune» har det vore brukt mykje tid og ressursar på å hente inn og ta læring frå samanliknbare prosjekt der ein har lukkast med å snu folketaltrenden frå negativ til positiv. Dette førte til at det no er ei tydeleg nedanfrå og opp-satsing, der omstillingsorganisasjonen er støttespelar og kunnskapsformidlar for dei som har høve til å gjere tiltak lokalt. Vi vil spesielt trekke fram arbeidet på grendalagsnivå. Dette har styrka grendalaga si evne til å gjennomføre utviklingstiltak sjølve, og det har opna for ei anna identitetsbygging enn før. Eit anna viktig prosjekt er «Næringsvennleg kommune» som skal styrke kontakten mellom kommuneadministrasjon og næringsliv. Folketalsutviklinga har likevel vore negativ i heile omstillingsperioden fram til siste året som kan vise til betre tal. Vi har tru på at den no vil stabilisere seg i framtida og kanskje kome over i ein meir positiv trend.

Vår erfaring er at det tek tid å snu negative trendar, og difor er omstillingsarbeid ein tålmodsprøve. Nye arbeidsplassar og folketalsauke kjem ikkje første året, men er resultat av langsiktig satsing også utover omstillingsperioden. Det arbeidet som er gjort i Hyllestad i denne perioden lover godt for framtida. Det er vore ei god «reise» med ein god utvikling på fleire felt. Programmet har bidrege til auka samhandling mellom det lokale næringslivet og kommunen. Kompetansen innanfor nærings- og samfunnsutvikling har auka, og sist men ikkje minst det har vore ei positiv holdningsendring til næringsutvikling og til heimlassen.

No er det viktig at det utviklingsorientert arbeidet som er i gang vert vidareført, slik at kompetansen vert verande i området. Då står ein sterkare når det kjem nye utfordringar som må taklast.

Konklusjon

Med bakgrunn i desse vurderingane vil Innovasjon Norge rå til at det vert løyvd midlar Hyllestad kommune til utviklingsarbeid i 2016.»

4. Samla vurdering og tilråding

4.1. Vurdering av den enkelte kommune

Fylkeskommunen og Innovasjon Norge har følgd arbeidet i omstillingskommunane tett sidan oppstarten og vil følgje arbeidet i Askvoll og Lærdal som observatørar og rådgjevarar også i 2016.

Askvoll

Askvoll hadde ein kraftig nedgang i folketalet over ein lengre periode før kommunen fekk omstillingsstatus.

Omstillingsprogrammet byggjer på ein utviklingsplan for åra 2013 til 2016 som har to innsatsområde:

- Robust arbeidsplassvekst
- Tilflytting

Programmet har som mål å medverke til å skape 30 nye arbeidsplassar, tilflytting av 60 personar, stabilisere folketalet på over 3000 og auke innbyggartalet med personar i "produktiv" alder.

Før omstillingsarbeidet starta (2010) hadde Askvoll ein jamn nedgang i folketalet. I løpet av omstillingsperioden har folketalet stabilisert seg på ca 3000. Dei siste nettotaal er positive og viser 3030 innbyggjarar den 1. oktober 2015. Gjennomsnittleg alder i kommunen er fortsatt høgare enn for landet elles, men det er god tilflytting av personar i aldersgruppa 20-40 år.

Næringslivet i Askvoll har ikkje hatt like god utvikling som innbyggartalet. Arbeidet i omstillingsprogrammet har likevel bidrege til mange nye arbeidsplassar. Det er auka sysselsetting i alle næringskategoriar innan privat sektor med unntak av primærnæringane. Nedgangen i primærnæringane har likevel ført til at samla sysselsetting er redusert.

Konklusjon

Handlingsplanen for 2016 har gode prosjekt i begge satsingsområda som er godt tilpassa at siste året av omstillingsperioden. Budsjettet er realistisk. Omstillingsorganisasjonen har vore ein god og effektiv organisasjon som har levert og synleggjort resultat.

Tilråding Askvoll

Fylkesdirektøren rår til at Askvoll kommune får omstillingsmidlar til gjennomføring av handlingsplanen 2016.

Lærdal

I omstillingsprogrammet i Lærdal vert det arbeid godt og planmessig med mange gode prosessar og prosjekt. Administrasjon arbeider proaktivt og målretta. Styret er profesjonelt, har ei god samansetting og er særskild aktive, og det er eit godt samarbeid mellom administrasjonen og styret. Halvvegs i programmet har Lærdal komme til at for å få enno meir kraft i arbeidet og lukkast med målsettingane, er det nødvendig å spisse satsingane. Det er gjennomført ein revisjon av omstillingsplanen for å få eit betre styringsverktøy. Dette er ei erkjenning som Lærdal, i denne fasen av omstillingsløpet, har til felles med dei aller fleste omstillingsområda i landet.

Lærdal har hatt ei god sysselsettingsutvikling i perioden, så målet om arbeidsplassvekst er innan rekkevidde. Folketalsutviklinga er framleis negativ, men fylkesdirektøren har tru på at ekstra satsing på programområdet Attraktive Lærdal vil gi resultat på sikt.

Konklusjon

Den reviderte omstillingsplanen har gitt omstillingsstyret i Lærdal eit enno betre styringsverktøy for resten av omstillingsperioden. Omstillingsorganisasjonen er solid og føresetnadene for å lukkast i det vidare omstillingsarbeidet er gode.

Tilråding Lærdal

Fylkesdirektøren rår til at Lærdal kommune får omstillingsmidlar til gjennomføring av handlingsplanen 2016.

4.2. Vurdering av pilotprogrammet i Hyllestad, konklusjon og tilråding

Vurdering

Ved starten av omstillingsperioden var Hyllestad rekna som den mest sårbare kommunen i landet med eitt stort verft og svært få andre bedrifter med sysselsetting. Dette var også årsaka til at kommunen fekk omstillingsstatus. I det siste omstillingsåret kom varselet om ei kraftig nedbemanning ved verftet. Etter fylkesdirektøren sine observasjonar har omstillingsprogrammet ført til at kommunen no er langt betre rusta til å takle denne og framtidige utfordringar. Programmet har bidrege til auka samhandling mellom det lokale næringslivet og kommunen. Kompetansen innafor nærings- og samfunnsutvikling har auka, og sist men ikkje minst har det vore ei positiv haldningsendring til næringsutvikling og heimsplassen. I staten av omstillingsperioden var det ei utfordring å få engasjement i omstillingsarbeidet både internt og eksternt. Undervegs i arbeidet vart det konkurranse om å få vere med i prosjekta. Dette arbeidet

har gitt resultat. Det er no mange fleire bedrifter med sysselsetting enn før omstillingsprogrammet starta, og nyetableringstakten har auka. Hyllestad har med andre ord fått ein meir robust næringsstruktur.

Konklusjon

Den største utfordringa vi ser ved avsluttinga av eit omstillingsprogram er å få den nyvunne utviklingskompetansen til å feste seg i kommuneadministrasjon, næringsliv og samfunnsliv. Etter det fylkesdirektøren kjenner til er det ingen av våre omstillingskommunar som har gripe fatt i dette på ein slik systematisk og grundig måte som det Hyllestad no gjer. Lukkast kommunen med dette pilotprogrammet, kan det vise veg for andre omstillingskommunar og vere ein modell til bruk i overgangen frå omstillingsstatus til varig utviklingsorientert arbeid.

Tilråding

Fylkesdirektøren rår til at Hyllestad kommune får eit tilskot til gjennomføring av pilotprogrammet som skal sikre at arbeidsmetodar og utviklingsverktøy nytta i omstillingsperioden vert vidareutvikla og tilpassa framtidig bruk i utviklinga av kommunen og næringslivet. Det vert også tilrådd å yte tilskot til ein forstudie innafor velferdsteknologi.

4.3. Forlenga omstillingsstatus

Lærdal kommune har søkt om forlenga omstillingsstatus for perioden 2016 til og med 2018. Grunnen til dette er at omstillingsstatusen først vart gitt hausten 2012, og at arbeidet ikkje kom skikkeleg i gang før hausten 2013. Sidan Lærdal først fekk omstillingsstatus seint på året 2012, er det rimeleg å rekne 2013 som første omstillingsår. Det same var tilfelle då hovudutvalet i HPN-sak 3/12 godkjende 2011 som Askvoll sitt første omstillingsår. Omstillingsstatus vert normalt gitt for to år om gangen. I realiteten fekk Lærdal i det første vedtaket om omstillingsstatus berre tildelt vel eitt år. Etter fylkesdirektøren si meining er det derfor naturleg å no gje Lærdal omstillingsstatus for resten av perioden, 2016, 2017 og 2018.

Tilråding

Fylkesdirektøren rår til at 2013 vert rekna som Lærdal sitt første omstillingsår og at Lærdal får omstillingsstatus for åra 2016, 2017 og 2018.

4.4. Framlegg om løyvingar 2016

I 2016 har fylkeskommunen 6 260 000 kr til fordeling til omstillingsføremål. 5 300 000 kr er avsett i budsjettet for 2016. I tillegg har fylkeskommunen 960 000 kr disponible frå tidlegare år.

Fylkesdirektøren tilrår i denne saka følgjande tildeling:

Askvoll	1 800 000 kr
Lærdal	3 000 000 kr
Hyllestad	850 000 kr
<u>Sum</u>	<u>5 650 000 kr</u>
Rest	610 000 kr, som vert overført til omstillingsføremål i 2017.

Midlane vert dekkja slik: 5 300 000 kr vert dekkja med avsette budsjettmidlar for 2016, tenestekområde 7015 Nyskaping. 350 000 kr vert dekkja med omstillingsmidlar som fylkeskommunen har disponible frå tidlegare år.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)

